

Granvin pensjonistlag.

Underskrivne gruppe har fått i oppdrag av pensjonistlaget å koma med innspel til styringsgruppa som arbeider med kommunesamanslåing. Så lang tenkjetid har me ikkje fått, så det vart eit kveldsmøte der ein tenkte litt høgt om problemstillingane rundt samanslåinga som vil koma.

Forventningar til tenestetilbodet?

Me meiner at Granvin har god standard når det gjeld tilbodet til dei eldre, ikkje minst avdi heradet er lite og oversiktleg, det er lett å få auga på den som treng hjelp, og hjelpa kan setjast inn på alle nivå, etter trong. Vår forventning er at tilboda må verta minst like gode som no, me kan ikkje gå med på å senka kvalitetskrava her, om me vert del av ein større kommune.

Kva me er mest redde for å mista i ein ny kommune? Enkelt sagt: sjølvråderetten. Er redd avstanden til styre og stell kan verta for stor.

Ved samanslåing er det naturleg for oss å tenkja Eidfjord, Ulvik, Ullensvang og Granvin. Å dela opp Granvin bør ikkje koma på tale. Voss er ikkje aktuelt, slik me tenkjer. Det er godt å ha handelsstaden Voss så nær, men trur kommunen vil verta for dominerande om den skal verta del av vår nye kommune. Gjennom media har ein og inntrykk av at di større ein by- el landkommune er, di større er dei sosiale problema. Dei som treng hjelp er ikkje så lette å fanga opp.

M.o.t. Voss, så har dette og noko med Hardanger-identiteten vår å gjera, her er det er kjensler ute og går, det er ikkje til å koma bort ifrå.

Granvin har mange kvalitetar innan kultur og skule som er verdt å føra vidare og ta med seg inn i ein ny kommune. Lag og organisasjonar ser for oss ut til å fungera godt, dugnadsånda er og på plass (jfr Eide grannalag).

Ellers har me merka oss eit innlegg i "Hordaland" som me har sans for. Innsendaren skreiv at me burde gløyma eit nytt senter på Bu, og heller byggja på det me er gode på kvar på vår stad, og samordna dette. Td. kunne Granvin verta eit "hovudsete" for skule og kultur, Ulvik landbruk og næring, Eidfjord teknisk utvikling og turisme, Ullensvang helsepolitikk. Denne modellen burde prøvast, etter vår meining.

Det skjer mykje no, både i og utanfor Granvin sine grenser. Me tenkjer på tilrettelegging av tomteland, bru og nye tunellar. Lett tilkomst til Granvin vil føra med seg auka aktivitet og arbeidsplassar, me trur det går Granvin sin veg! Ei klok hardangerkvinne sa ein gong at "gje oss skikkelege vegar, så skal me klara resten sjølve".

Med helsing

Ingebjørg Prestegard, Solveig Moe, Valborg Eide, Ragnhild Mjør

Innspel til Granvin Herad vedrørende kommunesamanslåing.

Granvin Pensjonistlag hadde styremøte onsdag 18. mars 2015
Og her er nokre innspel :

Granvin har god Barne og Ungdomsskule den må me verna om.

Barnehagetilbodet ikkje vert dårlegare.

Lækjar tilbodet må vera godt.

Godt omsorgstilbod for eldre og sjuke.

Gode bu og kommunale tenester.

Kven er mest aktuell samanslåingspartnarar ?

Her må heradet koma med reelle framlegg, og så må det vera folkerøysting i samband med valet til hausten.

Ynskjemål: Nye arbeidsplassar.

Andre :